



Ottar Atle Lauvås
Mongstadvegen 443
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2270 - 19/27688

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
16.09.2019

Ber om tilbakemelding i forhold til utført tiltak på eigedommen din - gbnr 116/15 Lauvås

Tiltak: Mogleg ulovlege tilhøve
Byggjestad: Gbnr: 116/15 Mongstadvegen 522
Tiltakshavar: Ottar Lauvås

Saka gjeld

Byggesaksavdelinga har fått melding om byggeaktivitet på eigedommen og at det er sett i gang søknadspliktige tiltak.

Vi er kjent med at du 09.02.17 fekk mellombels dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i forbindelse med planlagt bygging av mellombels rubbhall. Det går vidare fram av vedtaket (vedlagt) at det måtte søkast om løyve før ein kan sette i gang med oppføring av rubbhallen. Slik vi forstår meldinga vi har motteke er det allereie sett opp ein slik rubbhall utan at det vart søkt om.

Vi har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber om at du gjer oss tilbakemelding og opplysningar i forhold til det tiltaket som er etablert/ført opp.

Frist for tilbakemelding er 01.10.19.

Saksinnsyn

Du kan få innsyn i saka di her:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2018002270&

Har du spørsmål eller vil ta kontakt med oss?

Dokumentasjon og skriftleg kontakt i saka skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no. Du kan ta kontakt med oss i kundesenteret tysdag og torsdag kl. 09.00-11.30 og 12.00-15.00 på telefon eller ved oppmøte på rådhuset.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2270



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Mellombels dispensasjon frå LNF-føremålet og byggegrense langs Fv 57 - gbnr 116/15 Lauvås

Kopi til:

Synneve Marie Lauvås	Birkebeinergaten	5003	BERGEN
	1		

Mottakarar:

Ottar Atle Lauvås	Mongstadvegen	5955	LINDÅS
	443		